



Prosjektet på Eikelandet er justert ned betrakteleg i pris. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi har eindel på hand på Eikelandet, men førebels har det ikkje resultert i noko sal, seier Kjell L. Risnes i Sagvåg Invest på Stord om bustadprosjektet Hardangerfjord Brygge.

Han håpar at det ikkje går så lenge før den fyrste av dei åtte særprega bustadane i tre plan er selde, for det utløysar gjerne fleire.

Eigentleg håpa investoren på sal av dei fyrste av dei åtte bustadane allereie før jul, men finanskrisa kom forstyrrende inn i biletet.

Sagvåg Invest har justert ned prisen betrakteleg og no ligg han på 2.390.000. Då prosjektet vart lagt ut til sal rundt årsskiftet var prisen 2.950.00.

Noko anna som har skjedd i det siste er at det no er sendt inn nabovarsel til kommunen for felles kai, men det betyr ikkje at byggearbeid vil bli sett igang uansett sal eller ikkje.

- Vi bør ha seld minst fire før byggjinga startar, seier Risnes.

I prospektet heiter det at Hardangerfjord Brygge er 'spennende eneboliger over tre plan beliggende helt i sjøkanten' og at det 'følger med egen båtplass'.

Av Ola Matti Mathisen